

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi Haakon, Noregs konge,

gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova skal Kongen med dette få gje melding til Stortinget om tilstandet i riket og om styringa i 1950.

Diplomatisk samband er i 1950 skipa med Filippinane, India, Irland, Israel og Indonesia.

Noreg har godkjent det nye kinesiske riksstyret.

Perioden til Noreg som medlem av Tryggingrådet i dei Sameinte Nasjonane gjekk ut ved utgangen av 1950.

Twisten med Storbritannia om den norske fiskegrensa er framleis under førehaving ved den mellomfolkelege Domstolen i Haag.

Det er gjort ei semje med Sverige om retten til fiske i visse sjøområde som høyrer til Noreg og Sverige. Riksstyret vil be om å få samtykke frå Stortinget til å ratifisera denne semja.

Den semja med Sovjet-Samveldet om ymse grensetilhøve som vart gjord i 1949, er ratifisert frå båe sider og sett i kraft.

Det har vori drøftingar om ein konsularkonvensjon mellom Noreg og Storbritannia.

Det er gjort avtale med Danmark, Storbritannia og Sverige om britisk-skandinavisk økonomisk samarbeid.

Ein ny handelstraktat med Storbritannia vart underskriven 15. desember 1950 med atterhald om seinare ratifikasjon.

Det har vori gjort kortsiktige varebyte- og betalingsavtalar med ei rad land.

Noreg har vori med i samarbeidet i organisasjonen for Europeisk Økonomisk Samarbeid og har ratifisert avtalen frå 7. september 1949 om intereuropaiske betalingar og kompensasjonar, og tilleggsprotokoll til den tidlegare avtalen om dette frå 16. oktober 1948. Like eins har Noreg den 19. september 1950 skrivi under avtalen om skipinga av den europeiske betalingsunionen.

Stortinget skal få melding om dei tiltak som er sette i verk for å avskipa dei kvantitative restriksjonane på innførsla i samsvar med vedtaka i Organisasjonen for Europeisk Økonomisk Samarbeid.

Dei tollnedsetjingane som Noreg fekk tilbod om ved dei internasjonale tolldrøftingane i Ancey i 1949, er sette i verk.

Noreg er med på nye internasjonale tolldrøftingar i Torquay under den generalavtalen om tolltariffar og handel som vart gjord i Genève 30. oktober 1947.

Det er gjort luftfartsavtalar med Canada, Egypt og Iran. Det blir arbeidd med å koma fram til luftfartsavtalar med ei rad andre statar.

Noreg har ratifisert den mellomfolkelege konvensjonen som vart underskriven i London 10. juli 1948 om trygging av menneskeliv til sjøs.

Noreg har ratifisert den mellomfolkelege avtalen som vart underskriven i London 12. mai 1949 om vervarslingsstasjonar i Nord-Atlanten.

Forsvaret.

Utbygginga av forsvaret har gått føre seg i samsvar med dei planane som Stortinget har slutta seg til. Levering av forsvarsmateriell i samband med det amerikanske hjelpeprogrammet har komi godt i gang. Dei verneleavingane som Stortinget vedtok i september 1950 har gjort det mogleg å auka farten i forsvarsutbygginga monaleg. På grunn av den utrygge internasjonale stoda, sette Riksstyret i desember i verk sume serlege repetisjonsøvingar og andre tiltak som skal gjera landet betre vernebudd.

Noreg har også i 1950 vori med i okkupasjonen av Tyskland med ein brigade av Hæren.

Dei utrygge tilhøva har òg gjort det turvande å aktivisera verntiltaka også på det økonomiske området. Det er gjort organisatoriske tiltak på dei viktigaste felt av det økonomiske forsvaret, og den regionale og lokale vernebuinga har fått ein fastare skipnad. Arbeidet med praktiske planar og førebuingar er ført lengre fram. Med verneløyinga til det økonomiske forsvaret og med med løyve til omfram innførsle har det vorti råd å setja i verk reservelagring av visse varer som er serleg viktige for dei sivile og militære forsyningane åt landet.

Den økonomiske utviklinga.

I dei fleste næringane har produksjonen vori større i 1950 enn i noko år tidlegare. Etter førebels utrekningar låg totalavlinga i jordbruket nær opp til avlinga i 1948, men kvaliteten vart i nokon mon nedsett av di det var så ulagleg vør i innhaustingstida. Husdyrproduksjonen vart større enn i 1949. Vinninga av fiska var òg større enn året før, men låg under rekordvinninga for 1948. Industriproduksjonen var om lag 7 pst. større enn i 1949. Bygge- og anleggsverksemda har òg vori større, men frå hausten vart ho skoren noko ned. Det er framleis knapt om arbeidskraft i mange næringsgreiner. Talet på sysselsette har stigi noko i 1950 med. Vareinnførsla frå utlandet kjem venteleg i 1950 til å bli om lag 5 pst. større i mengd enn året før, samstundes kjem utførsla til å bli om lag 25 pst. større og vil dermed liggja 10 pst. over 1938-nivået. Skipsfraktene heldt seg heller låge i fyrste halvåret 1950, men steig frå sumaren av. I dei andre næringane har tilhøva stort sett vori gode.

Jordbruket.

Jordbruket hadde i 1950 eit godt år. Årsvonene var sers gode tidleg på sumaren, men uvanleg stor nedbør utover hausten sønnafjells reduserte både mengd og kvalitet noko. Totalavlinga er førebels rekna til 2 059 mill. føreiningar eller nær avlinga i 1948. Avlinga i hagebruket vart òg over eit medels år.

Totalproduksjonen av mjølk, fleisk, egg og ull er utrekna til å liggja noko høgre enn i 1938, medan kjøtproduksjonen enno ligg noko til atters.

Akervidda var i 1950 vel så stor som året før. Kornarealet auka med 3,1 pst., potetarealet med 1,2 pst. og rotvokstarealet med om lag 10 pst.

Talet på mjølkekyr var om lag som året før. Sauehaldet har auka til over førkrigsnivået. Talet på svin og høns var noko større enn førre året, men talet på alssvin var mindre.

Det har framleis vori skort på arbeidshjelp i jordbruket og talet på sysselsette som går inn under pliktig sjuketrygd, i jordbruk, skogbruk og hagebruk var mindre enn året før. Investering i arbeidssparande maskinar og reiskapar har haldi fram, og talet på maskinstasjonar i drift i 1950 var bortimot 1 500. Det er framleis auke i bruken av kunstgjødsel. Kraftfòret har vori rasjonert i 1950 òg, men den mengda som vart omsett var større enn førre året.

Pristilhøvet mellom produkt og produksjonsråder i jordbruket har i året endra seg mykje

for di prisen på produksjonsråder, serleg kraftfòr, har auka. Arbeidsløna i jordbruket har haldi fram med å auka. Det er vedteki ein prisavtale for jordbruket som gjeld til 30. juni 1952.

Ein reknar med at det nydyrka arealet i 1950 kjem opp i vel 34 000 dekar, eller om lag 1 500 dekar meir enn førre året, då det vart nydyrka 32 732 dekar.

Grøfting av jord som tidlegare er dyrka, men som er vass-sjuk, reknar ein med vil koma opp i om lag 19 000 dekar mot 17 892 dekar i fjor.

Overflatedyrking til beite og slått har auka mykje og skulle koma opp i vel 25 000 dekar mot 19 403 året før.

I 1950 er det ferdigbygd om lag 400 bureisingsbruk. Dessutan er det løyvd stonad til å reisa 190 nye bruk.

Av gjødselopsamlingsanlegg, potetkjellarar og siloar reknar ein med at det blir ferdigbygd om lag 3 300, 5 100 og 3 200 mot året før 2 878, 4 375 og 2 954 i same fylgd.

Skogbruket.

I driftsåret 1949—50 vart det avverka 6,5 mill. m³ salstømmer medan 7 mill m³ var planlagt. Skogsdriftene kom svært seint i gang, mellom anna for di tømmerprisane vart fastsette seinare enn vanleg for skuld devalueringa. Det er framleis vanskar med tilgangen på arbeidshjelp. Det var såleis mindre tilgang på hoggarar enn i 1948—49.

Tilhøva for skogstilvokstaren var jamt over medels gode i 1950, med rikeleg nedbør sønnafjells og til dels stort varmeoverskot nordafjells. 1950 gav von om å bli eit godt frøår på gran, men tilgangen på godt frø vart noko ujamn, og i sume bygder vart frøsetjinga i nokon mon øydelagd av soppåtak.

I driftsåret 1950—51 er det planlagt å avverka 7 mill. m³ tømmer, eller det same som året før. Tømmerprisane vart fastsette i god tid, og skogsdriftene har komi godt i gang. Pr. 15. desember var det avverka 2,8 mill. m³ mot 2,0 m³ til same tid i 1949 og 3,3 mill. m³ i 1948.

Tilgangen på arbeidshjelp i skogbruket har vori betre hausten 1950 enn han var hausten 1949. Det var såleis om lag 1 800 fleire hoggarar i arbeid 15. desember 1950 enn 15. desember 1949. Likevel var det bruk for ein del fleire hoggarar.

Skogsdrifta 1950—51 har såleis hittil gjevi eit godt resultat. Men i slutten av 1950 har det komi så mykje snø at det i sume bygder har vorti store vanskar både for hogstren og køyringa.

F i s k e t.

1950 har vori eit godt år for fisket. Etter førebels utrekningar kom fangstmengda opp i 1,2 mill. tonn til eit fyrstehandsverd på om lag 320 mill. kroner. Både fangstmengd og fangstverde var monaleg høgre enn i 1949, med vel 1 mill. tonn til eit verde på 290 mill. kroner. Det er berre rekordåret 1948 som kan syna fram høgre mengd- og verdetal enn 1950. Det var serleg vintersildfisket som slo godt til. Her gjekk fangstmengda opp frå 567 500 tonn i 1949 til 771 300 tonn i 1950. Fangstmengda av vintersild kunne ha vori endå større. Men avtaksvanskar avgrensa fisket noko. Det er no gjort tiltak for å auka avtaksrådene i det fisket som stundar til. Lofotfisket kasta òg noko meir av seg i 1950 enn året før, med ei fangstmengd på 71 800 tonn mot 66 700 tonn i året 1949. Jamført med tidlegare år var Lofot-fisket etter måten ringt i 1950 òg.

Dei andre torskefiska gav heller ikkje serleg gode resultat og må seiast å vera under medels. Fisket ved Vest-Grønland gav likevel godt resultat, om lag det doble av fangsta i 1948.

Islandsfisket, brislingfisket og feitsildfisket var ringt, langt under medels.

Avsetnadsvilkåra har vori gode for dei fleste fiskevarene. I dei første 11 månadene i året vart det utført fisk og fiskevarer for 567 mill. kroner. Det er eit høgre verde enn noko år tidlegare. I same tidsrom av 1949 var utførsleverdet 473 mill. kroner.

Fiskeflåten har ein høgre fangstkapasitet no enn før krigen, men medelalderen på fartya ligg enno for høgt, og høgre enn før krigen.

Arbeidet med å modernisera fiskarflåten har haldi fram i 1950. Stendig fleire fartya blir utbudde med ekkolodd og telefonisendarar, og det er framleis svært mange hjelpefarkostar som får innsett motor. Det har stort sett vori nok tilgang på fiskereiskapar, men prisane har vorti mykje høgre i året.

Utbygginga av kjøleanlegg og fryseri har haldi fram så snøgt som tilgangen på materialar og arbeidskraft har gjort det mogeleg. Fiskeindustrianlegga i Båtsfjord og Honningsvåg nærmar seg si fullføring og kjem i drift i 1951.

Bruttoinvesteringane i fisket er for 1950 rekna til om lag 94 mill. kroner.

I n d u s t r i e n.

Industriproduksjonen syner i 1950 òg ein monaleg auke. I høve til 1949 var det ei stiging på om lag 7 pst., eller om lag same stiging som frå 1948 til 1949. Produksjonsmengda i dei einskilde kvartala i 1950 har legi

jamt over dei tilsvarande kvartala i 1949. Avsetnadstilhøva har vori gode. Den tendensen til prisfall av avsetnadsvanskar som sette inn i slutten av 1948, snudde stort sétt i 1950. Koreastriden førde til auka etterspurnad både til sivilt og militært bruk, og prisane steig. Tilgangen på utalandske råemne var god, men på slutten av året synes det ha komi til skort på ei rad råvarer. Av dei innalandske råemna var tilgangen på sild til olje- og feittindustrien betre i 1950 enn i 1949. Treforedlingsindustrien har hatt etter måten god tilgang på tømmer. Brislingfisket var derimot ringt, slik at hermetikkfabrikkane fekk for lite råvarer til pakkinga av brislingsardinar. Krafttilgangen har vori god, bortsett frå Nord-Noreg. Det har framleis vori skort på arbeidskraft, serleg kvinneleg arbeidskraft i tekstil- og kledevarerindustrien og fagarbeidarar i jern- og metallindustrien.

Også i 1950 var produksjonsauken størst i utførsleindustrien, der produksjonsmengda gjekk opp med om lag 15 pst. frå året før. Dei store investeringane i etterkrigsåra har vori ei viktig årsak til produksjonsoppgangen i utførsleindustrien. Årdal Verk kom i gang med aluminiumsproduksjon i hall nr. 2 i førstninga av året, og ammoniakffabrikken til Norsk Hydro i Glomfjord kom samstundes i full drift. Ved A/S Syd-Varanger går no atterreisingsarbeidet for fullt, og det er truleg at verksemda vil vera i stand til å levera noko malm i slutten av 1951.

Produksjonen i heimeindustrien auka noko sterkare i 1950 enn i 1949. Frå 1949 til 1950 var auken om lag 4 pst. mot om lag 2 pst. frå 1948 til 1949. Heimeindustrien har stort sett greidd å stetta etterspurnaden etter dei fleste varer. Viktige unnatak er tekstil- og kledevarerindustrien, og dei industrigreinene som produserer varer til byggeverksemda.

Kolproduksjonen på Svalbard var i 1950 om lag 375 000 tonn mot 455 000 tonn i 1949.

Maskinkapasiteten ved elektrisitetsverka auka med 100 000 kW. til 3,1 mill. kW. i 1950. Det er haldi fram med å byggja ut storanlegga Hol, Aura, Lyse, Røssåga, Vinstra, Åbjøra og Bardufoss, men det er ikkje teki i bruk nye aggregat ved noko av desse anlegga i 1950. Mange mellomstore og mindre anlegg er òg i bygging. Vasstilhøva så nær som i Nord-Noreg har vori svært gode i 1950, og tilverknaden av elektrisk kraft har auka frå vel 15 000 mill. kWh. i 1949 til vel 17 000 kWh. i 1950.

B y g g e - o g a n l e g g s v e r k s e m d a.

Også i 1950 har det vori vidfemnande bygge- og anleggsverksemd. Byggeverksemda har vori

stor mellom anna for di ein ikkje radt liten del av programmet for 1949 vart skuva over til 1950.

Ein reknar med at det i alt er bygd ferdig minst 20 000 nye husvære i 1950, medan talet på husvære i bygging ved utgangen av året blir sett til om lag 14 000. Det er om lag 3 500 mindre enn for eit år sidan. I åra 1948—50 er det bygd ferdig om lag 6 000 fleire bustader enn føresetnaden var i langtidsprogrammet. Den store byggeverksemda har ført til skort på sement trass i at produksjonen av denne vara har vori rekordstor og ikkje noko sement har vorti utført. Det er teki sikte på å minka talet på arbeidarar ved bygg og anlegg slik at det kan frigjerast arbeidskraft til jordbruket, skogshogsteren og industrien. Talet på arbeidarar var likevel i det første halvåret høgare enn året før. Ut på sumaren måtte ein difor gå til å gje færre byggeløyve enn før.

Anleggsverksemda har hatt om lag same omfang i 1950 som året før. Verksemda har først og fremst femna om utbygging av elektrisitetsverk, ombygging av jernvegar, telefon- og telegrafliner, vegutbygging og vegvøling, utviding av flyplassar og ymse omframme forsvarstiltak.

I januar 1950 vart det innført nye reguleringsføresegner for bygge- og anleggsverksemda. Det vart sett forbod mot å nytta byggetilfang til å byggja hus og til anleggsarbeid utan at det var gjevi byggeløyve. Det var opphavleg tanken at desse nye føresegnene skulle koma i staden for materialrasjoneringa, men det har til denne tid ikkje lati seg gjera. Rasjoneringa har mått haldast oppe for sume viktige materialar og har mått innferast på ny for sement.

Skipferdsla.

Handelsflåten har vaksi sterkt også i 1950. Reknar ein med alle farty, også fiskefarty, over 25 brutto tonn, men held kvalfangstflåten utanfor, var handelsflåten den 1. januar 1951 på ca. 5 500 000 br. tonn. Reknar ein kvalfangstflåten med, var tonnasjen den 1. januar 1951 ca. 5 700 000 br. tonn. Frå utlandet vart det i året innført om lag 550 000 br. tonn av nye skip og 5 300 br. tonn av eldre farty. Det vart i 1950 kjøpt monaleg mindre gamal tonnasje enn i dei næraste åra før. Frå norske verft vart det i alt levert 69 000 br. tonn.

Frågangen frå handelsflåten var i 1950 større enn i åra før for skuld ein monaleg auke i salet av gamal tonnasje til utlandet. Førebels oppgåver syner at det i året vart selt 183 000 br. tonn. Frågangen ved forlis,

kondennering og opphogging var om lag 35 000 br. tonn.

Nettotilgangen i året var om lag 400 000 br. tonn.

I 1950 vart det ved utalandske verft kontrahert for norsk rekning 146 000 bruttotonnasje. I året var det ein nedgang i den tonnasjen som var kontrahert ved utalandske verft, men ikkje levert, frå 1 452 000 br. tonn den 1. januar 1950 til 1 018 000 br. tonn den 1. januar 1951. Norske verft hadde derimot fleire tingingar den 1. januar 1951 enn på same tid året før.

Fraktmarknaden heldt seg etter måten fast dei siste månadene av 1949 og dei seks første månadene av 1950 med veik stiging i fraktene i sume fartsområde. Men samstundes auka driftsutgiftene sterkt som ei fylgd av den prisoppgangen devalueringa førde med seg. I siste halvta av 1950 har det vori sterk auke i tonnasje-etterspurnaden med stigande frakter både for tramp- og tankskip og i nokon mon for dei regulære linene òg. Dei auka inntektene som fylgjer med fraktoppgangen, vil likevel først gjera seg gjeldande for alvor i inntektstala for 1951. Ei førebels utrekning syner at bruttofraktinntektene i utariks fart i 1950 var om lag 2 500 mill. kroner, og at driftsutgiftene i utlandet var om lag 1 400 mill. kroner. Nettotofraktinntektene i utariks fart skulle etter dette bli om lag 1 100 mill. kroner.

Samferdsla innalands.

Samferdsla innalands har i dei siste åra vori mykje større enn før krigen, men det ser no ut til at den sterke stiging i etterkrigsåra er stogga.

Person- og godstrafikken ved Statsbanene var i det første halvåret mindre enn i 1949, men i sumarmånadene heldt ferdsla seg på om lag same høgd som året før. Rutebilane har hatt stor ferdsle i 1950 òg, men det er merka noko nedgang i drosjebiltrafikken. Ruteflyginga syner stigande trafikktal for utalandsrutene, men nedgang for innalandsrutene.

Postsendinga har vore om lag like stor som i 1949. Telefontrafikken aukar framleis, men telegramsendinga er i minking.

Når det gjeld trekraft har stoda betra seg mykje for Statsbanene i 1950. Nye 57 km (Sira—Egersund) er opna for elektrisk drift. Av nye vegar er det i 1950 planert ferdig 150 km hovudvegar og 260 km bygdevegar. Etter krigen er det i alt innført om lag 28 000 bilar, av dei 4 000 i 1950. Før krigen vart det jamt over ført inn om lag 10 000 i året. Før-

nyinga av kyst- og lokalskipsflåten har haldi fram.

Turistferdsla har i 1950 synt ny stiging.

Noreg har i 1950 gjort luftfartsavtale med Canada, Egypt og Iran, og fått lengd trafikk-løyve i India.

Saman med 16 andre statar har Noreg skrivi under ein ny konvensjon i Genève om den internasjonale vegferdsia.

Kvalfangsta.

Dei norske ekspedisjonane som var med i kvalfangsta i Antarktis i fangstbolken 1949—50, tilverka i alt om lag 1,1 mill. fat eller om lag 188 000 metriske tonn kval- og spermolje, dvs. om lag same mengd som i 1948—49. Av kvaloljen på til saman om lag 177 000 metriske tonn gjekk 42 000 til innlandsk forbruk til ein pris av 1 110 kr. tonnet. Elles vart kvaloljen seld, noko til dei norske herdingsfabrikkane til foredling og seinare utførsle og noko beinveges til utlandet, til £ 80 og ein mindre del til £ 100 pr. long tonn. Det samla verdet av kvaloljen, spermoljen og attåtprodukta kom i fangstbolken 1949—50 opp i om lag 282 mill. kroner mot 305 mill. kroner førre fangstbolken.

Det norske fangstmateriellet som var sett inn i Antarktis i fangstbolken 1949—50 var sameleis som i førre fangstbolken 10 flytande kvalkoker og 1 landstasjon, men talet på kvalbåtar auka frå 108 til 126.

I denne fangstbolken, 1950—51, bruker Noreg dei same 10 flytande kokene og landstasjonen, men talet på kvalbåtar er denne gongen 131.

Utannæringsøkonomien.

Verdet av utførsla syner monaleg stiging. Tek ein med kvaloljen som vart levert beinveges frå feltet, kjem utførsleverdet etter førebels tal opp i 2 790 mill. kroner. Skip er då ikkje medrekna. Dette er ein auke for 1949 på 664 mill. kroner. Verdet av vareinnførsla, skip ikkje medrekna, var etter førebels tal 3 976 mill. kroner. Det er 614 mill. kroner meir enn i 1949. Det vart levert skip frå utlandet for kr. 845 mill. kroner, og vi selde skip for 113 mill. kroner.

Utførslemengda utanom skip gjekk opp med om lag 25 pst. frå 1949 og kom om lag 10 pst. over 1938-nivået. Det var auke i utførsla av alle varer bortsett frå sild og fisk. Grunnen til stiging er i stor mon auka kapasitet i industrien. Innførsla auka mest for korn og tekstilråemne, medan metall gjekk ned.

Både innførsle- og utførslevarane har stigi i pris, men innførsleprisane har stort sett legi

monaleg over utførsleprisane. Prisstiginga for utførslevarane kom først i siste halvåret.

Underskotet på handelsbalansen vil truleg bli vel 330 mill. kroner mindre enn i 1949. Samstundes har nettoinntektene av skipsferdsia stigi noko jamført med året før. Det samla underskotet på driftsbalansen andsynes utlandet vil venteleg bli om lag 940 mill. kroner eller om lag 330 mill. kroner mindre enn i 1949. Utanom dette kjem utgifter til avdrag på gjeld med 130 mill. kroner. Av utgiftene blir vel 1 milliard kroner dekt av vederlagsfrie tilskot under Det europeiske atterreisingsprogrammet.

Den europeiske betalingsunion tok til å verka 1. juli 1950. Til 30. november var Noregs nettounderskot andsynes Unionen om lag 266 mill. kroner. Det er dekt av utgangsstillinga på 428 mill. kroner som var stelt til rådvelde.

Den valutasummen landet har liggjande, auka i året med 30 mill. kroner.

Forsyningane.

Tilgangen på matvarer var i 1950 noko større enn året før. Fram gjennom året er rasjoneringa av feitt, spisesjokolade og av kjøt og flesk teken bort, men enno står det att nokre rasjoneringsordningar for matvarer. Dei blir haldne oppe av valutaomsyn.

Mjølkeproduksjonen har auka noko i året, og det har vori den konsummjølk og floyte som trengst. Smørproduksjonen har auka, og etter at det som trøngst innalands var dekt, er det utført noko. Osteproduksjonen er òg større enn førre året, men det har ikkje vori råd å stetta etterspurnaden fullt ut. Innførsla av oljefrø og andre vegetabiliske råemne har vori noko høgre enn året før.

Tilgangen på råvarer til industrien har sett under eitt vori fullnøyande.

Tilførslene av tekstilråvarer har i 1950 stort sett vori gode, og industrien har kunna auka tilverknaden. Innførsla av ferdige tekstilvarer har vori om lag den same som i 1949. Men den samla tilgangen på ferdige tekstilvarer til forbrukarane har framleis vori for knapp i høve til det som trengst.

Hud-, skinn- og lærindustrien har fått nok råvarer, og tilverknaden har legi høgre enn i fjoråret. Den sterke prisstiging i det siste gjer at ein må rekna med at det blir noko snautt med råvaretilførslene i tida som kjem, slik at ein ikkje kan venta ny auke i produksjonen. Lær- og skinnrasjoneringa har falli bort i 1950, sameleis resten av skotøyrasjoneringa.

Gummiindustrien har hatt nok tilgang på råvarer. Sidan prisane har stigi så sterkt, har likevel lagra av gummiråemne minka noko.

Av kjemikal og kjemiske produkt har industrien i 1950 fått dekt det meste av det han treng. Rasjoneringa er heilt bortteken. Det har likevel vorti noko knapt om sume varer. Tilførslene av linolje har framleis vori avgrensa, og rasjoneringa har mått haldast oppe.

Skipinga av kol frå Svalbard har vori noko mindre i 1950 enn i 1949. Dei samla tilførslene av kol og koks har stort sétt rokki til. Den kolkrisa det har vorti i Europa vil føra med seg at det blir uråd å få heilt dekt det ein treng frå europeiske land i 1951. Koksbruket er frigjevi i dei 3 nørdeste fylka, men i resten av landet er det framleis avgrensa. Forbruket av brenselolje til husoppvarming har òg vori regulert.

S y s s e l s e t j i n g a.

Sysselsettinga har auka i 1950 òg. Statistikken byggjer på talet på dei som er innmelde i sjuketrygda, og synte ein auke på om lag 16 000 til utgangen av 3. kvartal 1950 jamført med same tid i 1949. Månadstala for sysselsette i byggje- og anleggsverksemda låg i oktober for første gong under det tilsvarande talet året før. Talet på sysselsette i industrien har auka med om lag 8 000. Stort sétt er auken jamt bytt over dei ulike greiner av industrien. I jord- og skogbruk har nedgangen i sysselsetjinga vori mykje mindre enn tidlegare år, om lag 3 700.

Det har vori svært lite arbeidsløyse i 1950. Dei første månadene i året var det noko sesongarbeidsløyse, serleg i Nord-Noreg. Samstundes var det i andre landsluter eit stort tal ledige plassar i sume yrke. I sumarhalvåret har etterspurnaden etter arbeidskraft jamt over vori noko større enn tilbodet.

L ø n e r.

Det er ikkje utarbeidd nokon statistikk over lønsrørsla i heile 1950. Statistikken syner stiging i forteneite frå 1. halvåret 1949 til 1. halvåret 1950. Til dette kjem auken i dyrtidstillegga i oktober månad. Medelforteneite i 1950 kjem såleis til å liggja noko høgre enn i 1949.

Om lag alle lønsavtalar som vart reviderte i 1949, skulle vara i to år. For sume grupper vart lønsrevisjonane først ferdige ut på våren og sumaren 1950.

Det har vori få arbeidskonfliktar i 1950. Den største var arbeidsstoggen om sumaren ved nokre trevarefabrikkar. Han varde i om lag 5 veker.

I samband med reduksjonen av pristilskota våren 1950, vart det etter opptak av Riksstyret haldi tingingar mellom Norsk Arbeids-

giverforening og Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon om vederlag for den prisstiginga som ein kunne venta. Det vart gjort avtale om at det skulle takast opp tingingar om eventuell lønsjustering dersom indekstalet pr. 15. september 1950 hadde stigi høgre enn 165,6 (den gamle indeksen 1938 = 100). Den 15. september hadde levekostnadsindeksen gått opp i 179,5. Etter drøftingar i oktober vart dei to organisasjonane samde om ein avtale om dyrtidsvederlag. Avtalen gjekk ut på ein auke i det ålmenne dyrtidstillegget med 18 øre for timen (kr. 38 for dei med månadsløn) for vaksne arbeidarar og 9 øre for unge arbeidarar rekna frå 14. oktober.

Samstundes vart alle dei tariffavtalar mellom dei to organisasjonane som skulle gå ut i 1951, lengde til 1952. Avtalen har til føresetnad automatisk indeksregulering pr. 15. mars 1951 eller seinare dersom indekstalet (den nye indeksen) syner stiging eller fall på 5 poeng eller meir i høve til 108,3 (september 1950). Reguleringstillegget vart sett til 2,6 øre pr. poeng for vaksne arbeidarar. Blir det nye 5 poeng stiging eller fall i indekstalet etter at det er gjort ei slik regulering, har partane rett til å krevja at det blir teki opp tinging om ny lønsregulering.

For arbeidarar og funksjonærar med lønsavtale med andre arbeidsgjevarsamskipnader eller med uorganiserte verksemdar, vart det stort sétt gjennomført same indeksregulering som for dei to hovudorganisasjonane, men for sume grupper med verknad frå andre tidspunkt.

P r i s u t v i k l i n g a.

Prispolitikken etter frigjeringa har teki sikte på å hindra stiging i det ålmenne pris- og levekostnadsnivået. For å gjennomføra denne stabiliseringspolitikken har det vori naudsynt å auka pristilskota. For budsjettåret 1946—47 var tilskotet 478 mill. kroner, for 1947—48 702 mill. kroner, for 1948—49 749 mill. kroner og for 1949—50 779 mill. kroner.

Etter devalueringa i september 1949 gjekk prisane på ei rekkje innførslevarer mykje opp i slutten av 1949 og førstninga av 1950. Denne stiginga saman med produksjonsauken i jordbruket og den stigande varetilgangen elles, gjorde at pristilskotet ville koma opp i om lag 1 050 mill. kroner dersom levekostnadsindeksen framleis skulle haldast nokolunde konstant. Riksstyret fann difor at stabiliseringspolitikken måtte takast opp til revisjon. Saka vart lagd fram for Det økonomiske Samordningsrådet, som òg vart bede om å kome med framlegg om korleis dei einskilde tilskotsat-

sane burde fastsettast innafør ei utgiftsramme på høgda 600 mill. kroner. På grunnlag av fråsegnen frå Rådet vedtok så Riksstyret ymse reduksjonar i subsidiane. Sume av desse reduksjonane vart sette i verk frå 3. april 1950, prisane vart då sette opp på mjøl, gryn, brød, smør, margarin og kaffi. Dessutan vart det fastsett at subsidiane på tekstilvarer, sko og innførde botnlêrhuder og botnlêr skulle takast bort, og at pristilskota til kunstgjødsel og kraftfôr skulle avgrensast. Frå 21. august vart òg storparten av tilskota til kjøt og fleisk borttekne.

Det var inga stiging i det norske prisnivået dei første månadene etter devalueringa, sidan varer på lager skulle seljast ut til gamle prisar. Først i desember gjorde stiging seg gjeldande. Engrosprisindeksen gjekk då opp frå 184,8 til 187,1, det meste kom av prisstiging på oljar og innført overlêr. I dei første månadene av 1950 heldt engrosprisinivået seg nokolunde konstant. Først frå april — då reduksjonen av pristilskota byrja — tok stiging til. Frå 15. mars til 15. november gjekk engrospristalet opp 21,6 pst., frå 188,3 til 228,9. Alt i alt har engrosprisinivået stigi 23,8 pst. det siste året, frå november 1949 til november 1950. Stiging har vori noko ulik for dei ulike varegrupper. Innførslevarene har såleis jamt over gått opp 20,6 pst., medan dei innalandske varene har stigi 25,7 pst. Jordbruksvarene har stigi mest med i alt 29 pst., medan andre innalandske varer jamt over har gått opp 24 pst.

Stiging i dei animalske jordbruksvarene med i alt 29,4 pst. kjem for det aller meste av reduksjonen i pristilskota på smør, kjøt, fleisk og ull.

Stiging i dei vegetabiliske jordbruksvarene med i alt 28 pst. kjem for størsteparten av stiging i mjølprisen for skuld minking av pristilskota.

Indekstallet for levekostnadene har stigi 10,5 pst. i det siste året frå november 1949 til november 1950, av dei 9,5 pst. etter at pristilskotereduksjonen tok til. Det er matvareposten som har stigi mest med i alt 17,4 pst. frå november 1949 til november 1950, og 16,6 pst. frå mars til november 1950.

Utgiftene til drikkevarer og tobakk har gått opp med 12,8 pst. det siste året, klede med 10,8 pst. og posten «andre utgifter» med 3,6 pst. Utgiftene til brensel har gått opp berre 0,8 pst. og gass og elektrisitet 0,4 pst.

⌘ Penge- og kreditt-tilhøve.

Likviditetstilstramminga har haldi fram i 1950 òg, for det meste som fylgd av innførsleoverskotet. I siste delen av året har tilstram-

minga ført til renteoppgang, serleg for lang-siktige lån. Noregs Banks diskonto er enno 2,5 pst. Utlånsauken både frå privatbankar og statsbankar har haldi fram og har vori like stor som året før. Bankinnskota syner stiging. Setelomlaupet har òg gått opp, men stinginga er ikkje større enn det som svarer til auken i nasjonalinntekta. Betalingstilhøva er lette, og det har vori få konkursar.

Offentlege finansar.

Ser ein alle kommunar under eitt, må ein seia at den finansielle stoda framleis er god, men det er stor skilnad på dei einiskilde kommunane. Den kommunale lånegjelda har synt nokon auke i tida etter frigjeringsa. Det er serleg elektrisitetsutbygginga og utgifter i samband med bustadbygging og atterreising som har kravd etter måten store utteljingar i mange kommunar. Som ein lekk i arbeidet med å skaffa turvande arbeidskraft til industri, jord- og skogbruk er det minka på dei kommunale løyvingane til investeringsføremål. Sidan det framleis er skort på arbeidskraft, blir det òg i tida framover naudsynt med ei viss avgrensing av dei kommunale investeringsane.

Høgsteskattelegginga i kommunane vart i terminen 1950—51 sett ned frå 18,5 til 18 pst. på grunnlag av tabell II (byane tabell V). Ein vil freista å halda same skattelegging i det komande budsjettåret òg. Talet har auka på kommunar som må få tilskot av Skattefordelingsfondet til å jamvega budsjetta sine.

Både utgiftene og inntektene på budsjettrekneskapen åt staten for 1949—50 var noko høgre enn førre året. Inntektene (avdraga medrekna) har komi opp i 2 925 433 000 kroner. Utgiftene, medrekna anleggsutgifter og avdraga på statsgjelda, har vori 3 041 835 000 kroner. Den samla rekneskapen (drift og kapital) syner såleis eit underskot på 116 402 000 kroner.

Når ein skal døma om resultatet av rekneskapen, må ein vera merksam på at dei overførde løyvingane, som kviler som ein skyldnad på kontantsummen i statskassa, i 1949—50 har gått ned med 135 863 000 kroner. Tek ein omsyn til dette, blir det eit overskot på rekneskapen på 19 462 000 kroner, medan det då budsjettet vart endeleg saldert, var rekna med eit underskott på 100 mill. kroner. Samstundes er det avbetalt om lag 102,2 mill. kroner på statsgjelda.

Kyrkje, skole og opplæring.

For presteskapet er det vedteki ein ny lønskipnad i samsvar med St. prp. nr. 121 for 1950. Med dette er prestelønene førde inn på

statens lønsregulativ frå 1948. I samband med lønsreguleringa har Stortinget òg vedteki dei naudsynlege endringane i den geistlege lønslova.

Samstundes er det vedteki å auka løna for klokkarane.

Atterreisinga av kyrkjene i dei krigsskadde strøk av landet er framleis hindra av byggevanskar m. m. Det er føresetnaden at atterreisinga av kommunale skolar og kyrkjer i Finnmark skal finansierast i samsvar med den skipnaden som er nemnd i Ot. prp. nr. 48 for 1950, jfr. lov av 30. juni 1950 om endringar i lova om dekking av utgifter i samband med krigsskadeoppgjeret.

Mange landkommunar har auka lesetida i folkeskolen ut over minimumstida etter lova. Lønstillhøva for lærarane i kommunar med kommunale tillegg er avgjorde. Barnetalet i folkeskolen aukar no for kvart år. Jamvel om lærarskolane utdanar så mange lærarar som mogeleg er det enno stor skort på fullt utdana lærarar. Største vansken for folkeskolen, er skorten på skolerom. I 1950 vart det bygd heller lite. Den byggjekvoten som blir etla til skolebygg, blir først og fremst nytta til skolerom for å halda den obligatoriske opplæringa i gang.

Framhaldsskolen er i utvikling, men blir hindra av skort på lærarkrefter og skolerom.

Det er i gang 84 folkehøgskolar med til saman 4 430 elevar.

Utbygginga av yrkesskolestellet held fram.

I 1950 er det gjevi vanleg statstilskot til to nye verkstadskoler, Voss og Kirkenes yrkeskole og til 5 nye lærlingskolar.

Ved dei vanlege yrkesskolar, tekniske skolar, verkstadskolar og lærlingskolar er det i alt om lag 15 000 elevar.

I alt er det etter frigjeringa til 1. desember 1950 utdana om lag 65 200 elevar i 4 657 omframskurs.

Statens lærarinneskole i husstell, Os ved Bergen, tok til hausten 1950 med 24 elevar.

Byggearbeidet på Huseby blindeskole har komi i gang etter planen.

I døveskolane er det stor skort på plass.

Utbygginga av skolane for evneveike held fram, men det er framleis vanskar med rom. Ved Ekne skole er yrkesskolen komen i gang.

I skoleheimane er det for få plassar for jenter.

Lærarskolen arbeider med så mange klassar som det er mogleg å ta opp, og fleire klassar må få opplæring om ettermiddagen. Ein arbeider med planar om å få setja i gang ein mellombels lærarskole i Bodø.

Ved Universitetet i Oslo var det i haustsemesteret 1950 i alt 4 682 studentar.

I året som gjekk har ein gjennomført ei omlegging av studieskipnaden ved det medisinske og ved det matematisk-naturvitenskaplege fakultetet slik at studietida skal bli stuttare.

Ved Noregs tannlækjarhøgskole er det 200 studentar i vanlege kurs og 90 studentar som får utdanninga si i Sverige.

Ved Universitetet i Bergen var det 391 studentar i haustsemesteret 1950. Arbeidet med innreiing av institutt for kjemi og botanikk-fysikk reknar ein med blir ferdig våren 1951.

Ved Noregs tekniske høgskole er det ved årsskiftet 1950—51 om lag 1 100 studentar. Innreiinga av bygningane for bibliotek, metallurgisk institutt og kjelhuset er i hovudsaka ferdig. Fysisk institutt vil venteleg vera ferdig våren 1951.

Statens lånekasse for studerande ungdom har i budsjettåret 1949—50 gjevi lån til 3 823 låntakarar med ein samla sum på 6 594 745 kroner. I dei 3 åra Lånekassa har vori i drift (1947—48, 1948—49 og 1949—50), er det lånt ut i alt 15 990 025 kroner.

Av overskotet frå Norsk Tipping A/S for 1949 er det til vitskaplege føremål etla ut 6 000 000 kroner og til idrottsføremål om lag 4 000 000 kroner.

Statens Idrettskontor er frå 1. juli 1950 utvida til Statens Ungdoms og idrettskontor.

Norsk Bygdekino A/S tok til med drifta sumaren 1950.

Sosiale tiltak.

Arbeidet med å fremja folkehelsa har også i 1950 gått fram etter planen. Helsetilstanden har i 1950 stort sett vori god. Etter månadsmeldingane frå lækjarane har det vori færre tilfelle av epidemiske sjukdomar enn i året som gjekk, med unnatak av poliomyelitt som synte seg epidemisk utover sumaren og hausten. Mest utbreidd var sjukdomen i Sør- og Nord-Trøndelag. Dei tuberkuløse sjukdomane går framleis attende. Det er meldt om færre tilfelle av veneriske sjukdomar enn i 1949. Det døyr færre speborn og barselkvinner enn før.

Arbeidet med å byggja ut barnevernstiltaka har haldi fram, og som ein lekk i arbeidet for å skaffa barnevernsinstitusjonane betre kvalifisert personale så snart som råd er, har departementet sett i gang serskilde kurs for barnevernsarbeidarar. Det blir arbeidd med ein landsplan for å etter kvart få utbeta og fornya barneheimane våre og for å få reist observasjonsheimar og serlege mottakingsheimar, slik at ein betre enn no kan få skilt

ut i eigne grupper dei borna som treng serleg stell, som ein ikkje kan venta at dei vanlege barneheimane skal kunna gje dei.

Rørsla i folkemengda i 1950.

Ved utgangen av 1949 var den folkemengda som høyrer heime i landet rekna til 3 248 000, og ved utgangen av 1950 kan ho setjast til 3 281 000. Folkemengda vil då i 1950 truleg ha auka med 33 000.

Etter førebels oppgaver var det i dei 3 første kvartala av 1950 19 329 giftarmål mot 19 294 i det tilsvarende tidsromet i 1949.

Det vart registrert 48 470 levandefødde born mot 48 601 i dei 3 første kvartala av 1949, og talet på døde var 21 184 i 1950 mot 21 299 i dei tilsvarende månadene av 1949.

Fødseloverskotet for dei 3 første kvartala av 1950 var om lag like stort som i det tilsvarende tidsromet i 1949.

Ei førebels oppteljing av flytningar innlands syner at 93 000 personar skifta bustad i dei 3 første kvartala av 1950. Oppteljinga av flytningane til og frå utlandet i same tidsrom syner at det var eit overskot på utflytte til oversjøiske og andre land på 667 personar.

Gjevi på Oslo slott 5. januar 1951.

Under Vår hand og riksseglet

HAAKON
(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern